



Inger Marie og Ivar Nordland
Osterfjordvegen 1230A
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4658 - 14/19998

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
04.09.2014

Førespurnad om informasjon om avlaupsanlegg for Dykkar eigedom - gbnr 214/119 m.fl. Fyllingsnes

Kommunen har motteke melding om utslepp/ forureining frå avlaupsanlegg som blant anna kan vere tilknytt Dykkar eigedom. Utsleppet er lokalisert rett sør for E39. Det er difor naudsynt å kartlegge avlaupsanlegget til kvar enkelt eigedom nord for E39. Avlaupsanlegget på Dykkar eigedom, er i følgje kommunen sitt arkiv frå 1970-tallet. Vi er ikkje kjend med at det har vore utført oppgradering av anlegget i seinare tid.

Før kommunen handsamar saka vidare, ber vi om tilbakemelding på kva avlaupsløysning eigedomen Dykkar har. Dette inneber utgreiing av følgjande opplysningar:

- type avlaupsløysning, gjere greie for produkt og dimensjon av leidningsnett.
- om det er slamavskiljar på eigedomen, og om slamavskiljar er knytt til andre eigedomar, eller om denne vert brukt aleine, og kva storleik det er på slamavskiljaren.
- Kommunen ber dykk merke av på vedlagt kart kor slamavskiljar er plassert s og kor leidningstraseen går.
- Vidare reinsing etter slamavskiljar
- Kor avlaupet vert ført og om anlegget er oppgradert etter at utsleppsløyve vart gjeve.
- Vi ber og om at det vert skildra kor mange personekvivalentar eigedomen representerer.
- Informere om de er med i den kommunale slamtømmeordninga eller har privat avtale med tømmeføretak om dette. Dokumentasjon av tømmeføretak må eventuelt leggjast ved svarbrevet.

Frist for tilbakemelding vert sett til **01. oktober 2014**. Lindås kommune gjer Dykk merksam på at alle eigedomar nord for E 39 har fått tilsvarande brev om førespurnad om informasjon. Dykk kan såleis foreta ein felles kartlegging av avlaupsløysninga dersom dette er enklare. Førespurnad kan rettast til underteiknande .



Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Christine R. Revheim-Hansen
christine.revheim-hansen@sweco.no

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

214 -119 mfl Oversiktskart_Landscape
214-119_Portrait
214-126_Portrait
214-138_Portrait
214-142_Portrait
214-147_Portrait
214-149_Portrait
214-199_Portrait

Mottakarar:

Inger Marie og Ivar Nordland	Osterfjordvegen 1230A	5913	EIKANGERVÅG
John Askeland	Øvre Eikanger 38	5913	EIKANGERVÅG
Karen Brørvik	Osterfjordvegen 1232	5913	EIKANGERVÅG
Signe og Frank Vaage	Osterfjordvegen 1224	5913	EIKANGERVÅG
Sylvi Ingelaug Askeland	Osterfjordvegen 1228	5913	EIKANGERVÅG
Våge Eigedom AS	Osterfjordvegen 1228	5913	EIKANGERVÅG
Wenche Molland og Ronny Ånensen	Osterfjordvegen 1222A	5913	EIKANGERVÅG
Øystein Ånensen	Osterfjordvegen 1226	5913	EIKANGERVÅG